



Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. et., Fylkeshuset
Dato: 02.12.2015
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Monrad Reigstad	Medlem	Fagforbundet
Odd Himle	Medlem	Seniorsaken Vest
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	H (FL1)
Inger Sjong	Medlem	A (FL2)

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar / fung. utvalssekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 40/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 41/15	Godkjenning av sakliste		
PS 42/15	Referatsak (meldingar)		
RS 8/15	Regional og kommunal planrapport 2014	2015/3650	
PS 43/15	Konstituering av nytt fylkeseldreråd 2015-2019	2015/12051	
PS 44/15	Møteprotokoll fylkeseldrerådet 5. nov 2015	2015/11451	
PS 45/15	Fylkeseldrerådet - arbeidsutval for valperioden 2015-2019	2015/12051	
PS 46/15	Høyring av framlegg til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029	2015/535	
PS 47/15	Ymse		

PS 40/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

Møteinnkalling vart godkjent utan merknadar.

PS 41/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

Sakliste vart godkjent utan merknadar.

PS 42/15 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Sak RS 8/15 Regional og kommunal planrapport 2014

Regional og kommunal planrapport 2014 vert teke til orientering.

PS 43/15 Konstituering av nytt fylkeseldreråd 2015-2019

Forslag til vedtak

1. Som leiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert vald.
2. Som nestleiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert vald.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

3. Som leiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert Kåre Ystanes vald.
4. Som nestleiar av Fylkeseldrerådet i Hordaland for valperioden 2015-2019 vert Gunda Falao Sparre vald.

PS 44/15 Møteprotokoll fylkeseldrerådet 5. nov 2015

Forslag til avgjerd

Møteprotokoll for fylkeseldrerådsmøte 05.11.2015 vart godkjent utan merknadar.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

Møteprotokoll for møte i fylkeseldrerådet 5. novemebr er godkjent utan merknadar.

PS 45/15 Fylkeseldrerådet - arbeidsutval for valperioden 2015-2019

Forslag til avgjerd

Fylkeseldrerådet i Hordaland ønskjer å halde fram ordninga med arbeidsutval for valperioden 2015-2019. Utvalet skal vere samansett av leiar, nestleiar og utvalssekretær. Arbeidsutvalet skal ha møta sine mellom dei ordinære møta i rådet, etter ein fastsett møteplan som skal godkjennast av rådet. Fylkeseldrerådet avgjer kva for fullmakter arbeidsutvalet skal ha.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Hordaland ønskjer å halde fram ordninga med arbeidsutval for valperioden 2015-2019. Utvalet skal vere samansett av leiar, nestleiar og utvalssekretær. Arbeidsutvalet skal ha møta sine mellom dei ordinære møta i rådet, etter ein fastsett møteplan som skal godkjennast av rådet. Fylkeseldrerådet avgjer kva for fullmakter arbeidsutvalet skal ha.

PS 46/15 Høyring av framlegg til Regional Transportplan Hordaland 2018-2029

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding – for drøfting i fylkeseldrerådet.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

Vedtak

Fylkeseldrerådet gjev følgjande høyringsuttale til framlegg til Regional transportplan for Hordaland 2018-2029:

Fylkeseldrerådet meiner det er særst viktig å auke kollektivtrafikken mest mogeleg av omsyn til miljø og klima. Det er likevel slik at i mange distrikt, der det ikkje er mogeleg å nytte kollektivtilbodet fullt ut, må privatbil nyttast. Fylkeskommunen bør heile tida ha fokus på, og oppmode om, at stadig fleire går over til el- og hybridbilar når dei skal skifte bil.

Fylkeseldrerådet meiner òg at framkomst for kollektiv- og privattrafikk stadig vert hindra av trailerar med sjåførar som har lita røynsle og som er lite eigna til å bruke på vegane våre. Fylkeseldrerådet er òg oppteke av at alle kollektive transportmidlar etterkvart bør få universell utforming. Det gjeld ikkje berre transportmidla, men òg haldeplassar o.l. Det er viktig at ein har som siktemål at dei ulike transportmidla korresponderer med kvarandre. Fylkeseldrerådet har motteke ein del klager på at det t.d. ikkje alltid er like god korrespondanse mellom buss og ferje. I regn, snø og kulde er det ikkje så lett for eldre menneske å måtte stå ute om der ikkje finst opphaldsrom eller leskur.

Når det gjeld billett- og takstsystem er det enno mange eldre som har lite erfaring med mobiltelefonar og bruk av app-ar. Difor bør det framleis vere muleg med billettsal om bord på bussar, ferjer og hurtigbåtar. På hurtigbåtar bør ein tillate at eldre og funksjonshemma kan setje seg og at personalet kjem rundt og sel billetter, serleg i dårleg ver. Det er etter fylkeseldrerådet si meining òg naudsynt å ha takstar og ruter tilgjengeleg i trykt format.

I Kollektivstrategi for Hordaland vart det sagt at «grunntilbodet i kollektivtrafikken er den lovpålagde skuleskyssen.» Her vil fylkeseldrerådet understreka at distrikta i Hordaland treng både tidlegruter, seinruter og natruter heile året. I skulefrie periodar bør difor rutene gå som vanleg, sjølv om dei er sette opp som skuleruter.

PS 47/15 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 02.12.2015

1. Møtedatoar for fylkeseldrerådet i 2016

Vedtak

Fylkeseldrerådet skal ha ordinære rådsmøter følgjande datoar i 2016:

4. februar / 14. april / 9. juni / 15. september / 10. november / 8. desember

2. Sekretærfunksjonen i fylkeseldrerådet

Vedtak

I valperioden for 2011 – 2015 har fylkeseldrerådet hatt fire ulike sekretærar. Det er eit ønskje at fylkesadministrasjonen får til ei ordning der fylkeseldrerådet har ein fast sekretær, helst gjennom heile valperioden 2015 – 2019.